



Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering.  
Se mottakerliste nedenfor.

Dato: 23.10.2020  
Vår ref: 14/01859-41  
Deres ref:

## **Tildeling av driftskonsesjon etter minerallova for Kvammen (Nesbakkane) i Sunnfjord kommune. Tiltakshavar: Roald Sunde (enkeltpersonforetak).**

### **POST- OG BESØKSADRESSE**

Ladebekken 50  
7066 Trondheim

**TELEFON** + 47 73 90 46 00

**E-POST** [post@dirmin.no](mailto:post@dirmin.no)

**WEB** [www.dirmin.no](http://www.dirmin.no)

**GIRO** 7694.05.05883

**SWIFT** DNBANOKK

**IBAN** NO5376940505883

**ORG.NR.** NO 974 760 282

**SVALBARDKONTOR**

**TELEFON** +47 79 02 12 92

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard (DMF) viser til søknad om driftskonsesjon datert 15. desember 2014.

### **1. Konsesjonen**

DMF tildeler Roald Sunde (enkeltpersonforetak), org. nr. 919 694 068, heretter kalla «Tiltakshavar» eller «Tiltakshavaren», driftskonsesjon etter minerallova § 43.

Tiltakshavar får driftskonsesjon for uttak av lausmasser i Kvammen masseuttak på del av egedomen med gårds- og bruksnummer (gbnr.) 349/1, 349/2 og 349/3 i Sunnfjord kommune (tidlegare Jølster). Mineralførekomsten høyrer til kategorien mineral som grunneigaren eig.

Konsesjonsområdet har eit areal på kring 38 dekar og går fram av kart med tittelen «Kvammen (Nesbakkane) – Sunnfjord kommune», produsert ved DMF 6. august 2020, vedlegg 1. Området er i den kommunale arealplanen for 2013-2025, Plan ID 1431-2010003, avsatt til LNF.

Tildeling av driftskonsesjon erstattar ikkje krav om andre løyve, godkjenning, arealavklaring eller konsesjon etter anna lovgiving. Tiltakshavaren er ansvarleg for å innhente andre nødvendige løyve.

### **2. Vilkår**

Konsesjonen blir gjeven på desse vilkåra:

#### **2.1. Driftsplan**

Drifta skal til ei kvar tid gå føre seg i samsvar med ein driftsplan godkjend av DMF. Dersom Tiltakshavaren ønskjer å gjere vesentlege avvik frå driftsplanen, skal DMF godkjenne dette på førehand. DMF kan krevje ny oppmåling og at ajourførte kart og profilar skal sendast inn når DMF finn det nødvendig.

#### **2.2. Økonomisk sikkerheit**



Tiltakshavaren blir pålagt å stille økonomisk sikkerheit med NOK 300 000, som skildra i punkt 5.11 av vedtaket, for å sikre at nødvendige sikrings- og oppryddingstiltak blir gjennomførte etter minerallova §§ 49 og 50, jf. minerallova § 51.

Den økonomiske sikkerheita skal stillast i form av ein bankgaranti for eit grunnbeløp på NOK 150 000, og deretter årlege avsetjingar til ein bankkonto som det skal etablerast pant i til fordel for DMF slik at Tiltakshavaren ikkje kan råde over kontoen på noko vis, begge deler som skildra i punkt 5.11.

Før drifta startar opp att skal Tiltakshavaren ha:

- (i) inngått ein avtale om finansiell sikkerheit med DMF, vedlegg 3;
- (ii) lagt fram påkravsgaranti frå bank som DMF vurderer som tilfredsstillande, vedlegg 4;
- (iii) etablert pantet til fordel for DMF, jf. pantelova §§ 4-4 til 4-6, vedlegg 5.

### **2.3. Bergteknisk ansvarleg**

Det skal utan grunnlaust opphald sendast skriftleg melding til DMF om alle skifte av bergteknisk ansvarleg for eit uttak.

### **2.4. Andre vilkår**

1. Før drifta startar opp att skal konsesjonsgrensa for massetaket setjast ut eller markerast i terrenget på ein slik måte at den er lett synleg gjennom heile driftsperioden.
2. Det skal ikkje foregå uttak av grus/masse i området kor sandsvalen hekker i perioden frå mai til og med august måned.

Tiltakshavar skal strebe etter å bevare hekkeplass for sandsvale i konsesjonsområdet under drift, og tilrettelegge for hekkeplass etter avslutta drift. Det vil seie at ein ikkje bør gjere inngrep i området kor det hekker sandsvale. Bratte skrentar må like fullt sikrast i tråd med minerallova § 49, slik at arbeida ikkje medfører fare for menneske, husdyr eller tamrein. I samband med istandsetjing av uttaksområdet skal ein leggje til rette for hekkeplass for sandsvale dersom hekkeplassen fjernast etter hekkesesongen av drifts- eller sikkerhetsomsyn. Det er Tiltakshavar som bærer kostnadene av tiltaka, i tråd med naturmangfoldlova §§ 11-12.

3. Tiltakshavar skal gjere ei risikovurdering av faren for at uttaket kan føre til grunnbrot og utgliding og/eller overflateerosjon i samband med ein flaumsituasjon, slik som beskrevet i høyringsfråsegnene frå NVE, jf. vedtakets punkt 4. Risikovurderinga skal gjennomførast før drifta startar, og den må vere basert på geotekniske undersøkingar. Dersom risikovurderinga fordrar ei endring i korleis drifta skal gjennomførast, må revidert driftsplan godkjennast av DMF før drifta startar, jf. vedtaket punkt 2.1.



### 3. Godkjenning av driftsplan

DMF godkjenner driftsplanen for Kvammen. Den godkjende versjonen av driftsplanen ligg ved dette konsesjonsvedtaket.

### 4. Høyringsfråsegner med kommentarar frå DMF

Søknaden om driftskonsesjon har vore på høyring, jf. forvaltningsloven § 17, hos desse høyringsinstansane: Sunnfjord kommune, Fylkesmannen i Vestland, NVE, Mattilsynet, Statnett SF, Vestland Fylkeskommune, Statens vegvesen og andre høyringsinstansar slik det går frem av mottakerne til dette vedtaksbrevet.

Høyringsperioden var frå 10. august 2020 til 28. september 2020. Søknaden ble også sendt på høyring i 2017, men på grunn av vesentlege endringar i søknaden måtte den sendast på høyring på nytt i 2020. Frå høyringsfråsegnene har DMF særleg merkt seg dette:

#### NVE:

NVE visar til sine tidlegare merknader i 2017 og at disse står ved lag. Det går frem her at:

Elva Jølstra renn mot uttaksområdet i nordaust, før den svingar mot nordvest og rundt uttaksområdet. Det er sett av eit belte langs elva som ikkje skal gjerast inngrep i. Vi vil anta at elva under stor flaum vil kunne stå inn på den nyleg planerte innmarka i nordaust utan at vi har konkret kunnskap om det. Uttaksområdet stenger altså elva slik at den ikkje får renne fritt rett fram, men må svinge mot nordvest og ned Kvamsfossen. I eit driftsløyve må det settast avgrensingar for uttaket i djupna slik at det ikkje medfører fare for at elva under stor flaum kan ta vegen rett fram og gjennom uttaksområdet. Ei slik hending gjennom avdekte og lett eroderbare massar kan gi svært uheldige konsekvensar. Det vil vere uakseptabelt at elva endrar laup. Med omgrepet stor flaum meiner vi her 200 års flaum + 20% klimapåslag. Dersom ein nyttar formelen i [NVE rettleiar 3/2015](#) s.13 pkt.1 gir dette ei potensiell vasstandsstiging over normalvasstanden i elva på 7,8 m ved uttaksområdet (nedslagsfelt 408 km<sup>2</sup>). Eventuell oppstuving av is kan og påverke flaumvasstanden. Dersom uttaket ikkje vert utforma til å kunne takle ei potensiell vasstandsstiging på nærare 8 m. så meiner vi det kan vere grunn for å få fagkyndige til å gjere nærare vurderingar av flaumfaren i området for konsesjon vert gjeven.

Deler av uttaksområdet er synt som aktsemdområde for snøskred og steinsprang.


#### DMF sine kommentarar:

*DMF sendte høyringsutsegna frå NVE til Tiltakshavar for kommentarar. Tiltakshavar har uttalt at:*

”DMF ber om dokumentasjon på at uttaket vert utforma til å kunne takle ei potensiell vasstandsstigning i elva på nærare 8 m. Dersom det ikkje kan dokumenterast ber vi om at tiltakshavar får fagkyndige til å gjere nærare vurderingar av flaumfaren i området”.

Yngve Systad, Sunnfjord Entreprenør AS som Roald Sunde har hatt hjelp av i denne saka har gått gjennom fråsegna frå NVE og har følgjande utdjuping/meir informasjon i saka.

Etter ein del undersøking har ein funne at det no er ferdig planlagt utbygging av Jølstra. Vedlagt følgjer ei teikning/snitt som viser høgaste regulert vasstand (HRV), dimensjonerande flomvasstand (DFV) og topp voll. Vollen skal byggast ved elva på nord-aust sida av vasseuttaket og såleis vil dette bli ein tilleggssikring av masseuttaket. I følgje karta er denne kota (topp voll, kote 176) alt nådd både før og etter ferdig uttak, men då noko lenger vekke frå elvekanten. Konsekvensen er at elva har i dag eit større areal enn det som er lagt opp til med flomvoll og har difor større kapasitet. Ein er difor på den sikre sida angående kapasitet til Jølstra.



*DMF sendte dernest Tiltakshavars svar over til NVE for merknad. NVE uttalte at:*

Tiltakshavar har sendt over skisser henta frå Sunnfjord Energi sin klassifiseringssøknad for inntaksdam for Jølstra kraftverk. Skissene syner planlagd høgd på flaumvoll langs elva sin venstre breidd (sett medstraums) nordaust for uttaksområdet. Topp voll er planlagt på kote 176. Dimensjonerande flaum er berekna å nå kote 175.2. Det går ikkje fram av skissa, men Q500 er lagt til grunn for dimensjonerande flaum. Dette går fram av klassifiseringssøknaden.

NVE har ikkje kontrollert flaumberekning og berekning av flaumstiging, men vi har heller ingen haldepunkt for å underkjenne desse berekningane. Dersom skissene skal leggest til grunn for sakshandsaminga bør DIRMIN vurdere å be tiltakshavar å skaffe fram grunnlaget for dei, dvs flaumberekning og berekning av flaumstiging.

Uttak av masse bør avsluttast tilstrekkeleg langt frå elva og sikrast forsvarleg, slik at ikkje strøymande vatn i grunnen kan medføre grunnbrot og utgliding. Det kan ikkje utelukkast at vollen mot elva blir overtoppa i ein flaumsituasjon. Overflateerosjon kan såleis også representere ein fare for elveløpet. Grense for masseuttak og sikringstiltak bør basere seg på geotekniske undersøkingar og vurderingar.

*På bakgrunn av dette inntar DMF vilkår om at Tiltakshavar skal foreta en risikovurdering basert på geotekniske undersøkelser. Se vedtakets punkt 2.4 og DMFs vurdering punkt 5.8 kor dette er gjort greie for. Kva gjeld NVE sitt høyringsfråsegn knyta til skredfare viser DMF til byggeteknisk forskrift (TEK 17) sine generelle tryggleikskrav mot naturpåkjenningar, her under forskrifta § 7-3 om sikkerhet mot skred. DMF føreset at Tiltakshavar etterlever byggeteknisk forskrift og den sitt tryggleiks- og dokumentasjonskrav kva angår skredfare. Ut over dette tek DMF høyringsfråsegna til etterretning.*

#### Fylkesmannen i Vestland:

##### **Villreinobservasjonane speglar ikkje villreinen sitt leveområde**

Søk i artskart i september 2020 visar observasjonar av sandsvale og villrein innanfor det foreslåtte konsesjonsområdet. Grensene for villreinobservasjonen speglar ikkje villreinen sitt leveområde, og denne registreringa vil ikkje ha påverknad for konsesjonsområdet.



### **Omsyn til sandsvala i hekketida**

Sandsvala er ein raudlista art. Kartet viser at arealet det no vert søkt konsesjon for berre er marginalt større enn det eksisterande uttaksområde. Det vil difor truleg ikkje vere snakk om fleire sandsvalekoloniar enn den som er registrert no.

Naturmangfoldlova stadfester at man ved ein kvar aktivitet skal unngå unødige skade og lidning på viltlevande dyr og deira reir, bo eller hi, jf. § 15. Sandsvalene kjem vanlegvis i mai, og dei første vil da begynne «utgravingane» i siste del av mai. Fuglane er lite synkroniserte i hekkinga, slik at nokre kan vere svært seine, med egglegging på same tid som andre har store ungar. Derfor kan det vere aktivitet i ein koloni frå seint i mai til langt ut i august.

Eigna område for sandsvaler er i bratte sandskjeringar med vegetasjon på toppen, for der vil det vere røter nedover i sanden som held den på plass og hindrar utrasing, samtidig som det ikkje må vere så mange røter at det blir vanskeleg for svalene å grave seg innover. Reirhola ligg derfor gjerne i den øvste meteren av skjeringane.

Det er mogleg å leggje til rette for å unngå framtidige «interessekonfliktar» mellom sandsvaler og grustak.

### **Framlegg til tiltak for å prøve å styre kvar sandsvalene slår seg til**

#### **Område der svalene KAN hekke:**

Dersom nokre skjeringar kan få stå urørte, kan ein prøve å styre hekkinga dit. Det må vere litt vegetasjon på toppen av skjeringa, slik at sanden der er eigna til reirgraving. Grav dei øvste to metrane av kanten loddrett (nedanfor denne loddrette skjeringa kan det gjerne vere ei meir slak skrånning). Området framfor desse skjeringane bør ha minst mogleg ferdsel, lagring av maskiner osv. Jo høgare eventuelle reirhol blir liggande over flat bakke, jo tryggare vil svalene kjenne seg.

#### **Område der svalene IKKJE skal slå seg til:**

Desse områda bør gjerast så utrygge og lite attraktive som mogleg, og i hovudsak kan dette gjerast ved eitt eller begge tiltaka under **før hekkesesongen tar til**:

1. Fjern det øvste laget på toppen av skjeringa, med vegetasjon og planterøter som bind sanden. Den øvste halvmeteren (eller helst meteren) bør fjernast, da dette er den mest stabile delen av sandskjeringa og den delen der det er lettast for svalene å grave stabile reirgangar. I rein sand er det større sjansje for at reirgangane vil rase saman; dette finn svalene ut under gravinga, og gir opp dersom sanden er for ustabil.
2. Grav den øvste delen av sandskjeringa skrå (45 grader). Svalene vil helst ha loddrett skjering der reirhola plasserast, for da blir det vanskeleg for andre dyr å kome til reirhola. Dersom dei øvste to metrane av ei sandskjering skrånast av slik at det vil vere mogleg for firbeinte å kome til, vil svalene neppe bruke akkurat det området til å grave ut reir.

Fylkesmannen føreset vidare at verksemda ikkje har avrenning av partiklar til vassdrag. Om handtering av mineralavfall nemnas det at verksemda må etterkomme reglane i kapittel 17 i avfallsforskrifta. Om regulering av knuseverk går det fram at kapittel 30 i forureiningsforskrifta om forureining frå produksjon av pukk, grus, sand og singel gjeld. Fylkesmannen skal også ha melding om eventuelle knuseverk.

#### *DMF sine kommentarar:*

*DMF har funnet grunn til å innta vilkår angående forholdet til sandsvaler, og viser til punkt 2.4 som angir vilkår og punkt 5.7 for DMF sin vurdering etter naturmangfoldloven.*

*Vi har vidare merka oss Fylkesmannens utsegn om kapittel 17 i avfallsforskrifta og forureiningsforskrifta kapittel 30. DMF forutsetter at Tiltakshavar setter seg inn i gjeldande regelverk og at desse følges. DMF ønsker vidare å merke at ei tillating etter minerallova, herunder driftskonsesjon, ikkje erstattar krav om andre løyve, godkjenning, arealavklaring eller konsesjon etter anna lovgiving, jf. minerallova § 5.*



#### BKK Nett AS:

Nettselskapet har elektriske anlegg i det aktuelle planområdet. BKK Nett AS viser til at det ikkje må setjast i verk tiltak som forverrar tilkomsten til nettanlegga, i tillegg til at det er vesentlig at ein ikkje endrar terrengoverdekninga over kablar eller reguserer høgda opp til luftleidningsanlegga. Dersom det må gjerast tiltak på høgspennetnettet kan det verte stilt krav til når på året anlegget kan koplast ut.

BKK Nett AS har ingen innvendingar til at konsesjon vert gitt, men gjer merksam på høgspennlinja mellom elva og masseuttaket i vest. Dette må hensyntakast ved sprenging nær ved linja, samt ved eventuelt oppfylling av terreng nær denne. Det minnes og om at BKK Nett AS skal varslast dersom ein arbeidar med anleggsmaskiner nærare høgspennlinja enn 30 meter.

#### DMF sine kommentarar:

*Vi presiserer at Tiltakshavar skal ta ut lausmassar. DMF oppfordrar Tiltakshavar til å gå i dialog med BKK Nett AS om eventuelt oppfylling av terreng nær høgspennlinja mellom elva og masseuttaket i vest.*

#### Vestland fylkeskommune:

Fylkeskommunen har ingen vesentlege kulturminnefagleg merknader i saka da det er ingen kjende automatisk freda kulturminne i det aktuelle området.

#### DMF sine kommentarar:

*Vi har merket oss utsegna og minner Tiltakshavar om den generelle varslingsplikten ihht. kulturminneloven § 8.*

#### Statens vegvesen:

Vegvesenet har ingen merknader til høyringa.

#### DMF sine kommentarar:

*Vi har merket oss utsegna.*

### **5. DMF si vurdering**

Føremålet til minerallova er å fremje og sikre samfunnsmessig forsvarleg forvaltning og bruk av mineralressursane i samsvar med prinsippet om ei berekraftig utvikling.

Etter minerallova § 43 er det krav om driftskonsesjon frå DMF for samla uttak av mineralførekomst på meir enn 10 000 m<sup>3</sup> masse og for alt uttak av naturstein. Berre den som har utvinningsrett kan få driftskonsesjon.

Konsesjonssøknader går gjennom ei skjønsmessig prøving før det blir avgjort om det skal gjevast driftskonsesjon. I vurderinga av om det skal gjevast driftskonsesjon skal det leggjast vekt på om søkjaren er "skikka" til å utvinne førekomsten. Dette inneber at ein skal leggje vekt på om prosjektet ser ut til å vere økonomisk gjennomførbart, om det blir lagt opp til bergfagleg forsvarleg drift, og om søkjaren har tilstrekkeleg kompetanse til å drive førekomsten. I vurderinga av om det skal gjevast driftskonsesjon skal det òg leggjast vekt på omsyna som er nemnde i minerallova § 2.



DMF kan fastsette vilkår for ein driftskonsesjon. Når DMF avgjer kva vilkår som skal stillast, vurderer direktoratet mange av dei same omsyna som er relevante for vurderinga av om det skal gjevast konsesjon.

DMF har vurdert konsesjonssøknaden slik:

### **5.1 Utvinningsrett**

Mineralførekomsten som skal utvinnast tilhøyrer kategorien mineral som grunneigaren eig. Tiltakshavaren er ikkje grunneigar for konsesjonsområdet, og det blir difor kravd avtale med grunneigaren om utvinningsretten til førekomsten. Tiltakshavaren har i søknadsprosessen lagt fram ein avtale med grunneigarane for gbnr. 349/1, 349/2 og 349/3, datert 3. juli 2020, som dokumentasjon for utvinningsrett.

Avtalen gjev Tiltakshavaren utvinningsrett til førekomsten på det området det er søkt om konsesjon for i avtaleperioden. Etter DMF si vurdering har Tiltakshavaren utvinningsretten til førekomsten.

### **5.2. Arealmessig status for tiltaket**

Konsesjonsområdet har eit areal på kring 38 dekar og går fram av kart med tittelen «Kvammen (Nesbakkane) – Sunnfjord kommune». Området er i den kommunale arealplanen for 2013-2025, Plan ID 1431-2010003, avsatt til LNF.

### **5.3. Økonomien i prosjektet**

DMF har vurdert årsrekneskapen med styret si årsmelding og notar for dei siste 2 åra. På grunnlag av opplysningane som er gjevne vurderer DMF bedrifta som økonomisk skikka.

### **5.4 Driftsplan**

For å sikre at kravet om bergfagleg forsvarleg drift blir oppfylt, finn DMF grunn til å ta inn i konsesjonen eit vilkår om at drifta til ei kvar tid skal gå føre seg i samsvar med ein driftsplan godkjend av DMF.

Driftsplanen skal vere eit styringsverktøy for Tiltakshavaren i gjennomføringa av uttaket, og eit referansedokument i samband med DMF sine tilsyn.

I samband med søknaden har Tiltakshavaren lagt fram eit framlegg til driftsplan for uttaket.

Framlegget til driftsplan omfattar heile driftsperioden og avsluttinga av grustaket. Skildringa og kart- og snitteikningar presenterer det planlagde uttaket av førekomsten innanfor arealet på 38 dekar regulert til føremålet. Det totale volumet grusreservar som skal takast ut ned til botnkoten på nivå +176 er estimert til kring 115 000 m<sup>3</sup>. I tillegg antar ein i driftsplanen at det vil bli deponert om lag 83 000 m<sup>3</sup> sprengstein, slik at det totale volum solgte masser vil bli om lag 198 000 m<sup>3</sup>. Det årlege uttaket vil variere med marknaden, men det planlagde uttaket per år er 5 000 m<sup>3</sup>. Det er planlagt drift i tre etappar. Utdrivne område som ikkje trengst i den vidare drifta, skal setjast i stand fortløpande. I tillegg til driftsfasane er det lagt fram ein plan for sikring og avslutting av grustaket.



Etter DMF si vurdering kan den vedlagde versjonen av driftsplan for Kvammen godkjennast. Planen tilfredsstillar dei krava som DMF stiller til driftsplanar, og etter DMF si vurdering legg planen opp til bergfagleg forsvarleg drift.

Dersom det under drifta oppstår nye situasjonar eller andre endringar i føresetnadene for drifta, til dømes geologiske og kvalitetsmessige variasjonar, bør det likevel på visse vilkår kunne opnast for å gjere endringar og tilpassingar i planen. Dersom Tiltakshavaren ønskjer å gjere vesentlege avvik frå driftsplanen, skal DMF godkjenne dette på førehand.

Undervegs i drifta kan DMF få bruk for oppdaterte kart og snitt som dokumenterer den noverande situasjonen i uttaksområdet og status i høve til den godkjende driftsplanen. Det blir difor teke inn som eit vilkår i konsesjonen at DMF kan krevje at Tiltakshavaren gjer ny oppmåling og at ajourførte kart og profilar skal sendast inn når DMF finn det nødvendig.

#### **5.5. Bergfagleg forsvarleg drift**

Kravet om at drifta til ei kvar tid skal gå føre seg på ein bergfagleg forsvarleg måte inneber at aktiviteten må vere i samsvar med tilfredsstillande faglege standardar for denne typen verksemd.

Etter DMF si vurdering er framlegget til driftsplan for uttaket bergfagleg forsvarleg. Ved vurderinga har DMF lagt vekt på driftsplanen for uttaket.

#### **5.6. Søkjaren sin kompetanse for drift av førekomsten**

I vurderinga av om søkjaren har tilstrekkeleg kompetanse er det den totale kompetansen som søkjaren har tilgang til som skal vurderast opp mot kravet om å vere skikka.

Etter forskrift til minerallova § 3-1 skal alle uttak av mineralske ressursar ha ein bergteknisk ansvarleg.

Tiltakshavaren har i søknaden gjeve opp Roald Sunde som bergteknisk ansvarleg for uttaket. Personen er registrert hos DMF som bergteknisk ansvarleg for uttaket og oppfyller kvalifikasjonskrava i forskrifta.

Etter DMF si vurdering har Tiltakshavaren tilstrekkeleg kompetanse til å drive førekomsten.

#### **5.7. Dei miljømessige konsekvensane av utvinning**

I vurderinga av om det skal gjevast driftskonsesjon skal det leggjast vekt på omsynet til miljøet og kulturminne, og DMF kan setje vilkår i konsesjonsvedtak for å sikre kulturminne og miljøomsyn. Det finst ingen reguleringsplan for uttaket.

#### *Biologisk mangfald – naturmangfaldlova*

Naturmangfaldlova § 7 pålegg alle offentlege instansar som tek avgjerder som påverkar naturen å vurdere planlagde tiltak opp mot prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8–12. Den kommunale arealplanen, høyringsfråsegner og eigne søk i Naturbase og Artskart (gjennomførte i august 2020) er lagde til grunn for vurderingane etter naturmangfaldlova i DMF si handsaming av søknaden. DMF reknar



kunnskapsgrunnlaget etter naturmangfaldlova § 8 for å vere tilstrekkeleg til at det kan fattast vedtak i saka. Førre-var-prinsippet i naturmangfaldlova § 9 gjeld såleis ikkje.

DMF har gjort treff på eit kartlagt friluftslivområde, og registrert observasjon av artane sandsvale og villrein innanfor uttakssområdet. Om villrein vises det til Fylkesmannens høyringsfråsegn i vedtakets punkt 4. Sandsvalen nytta grustak som hekkeplass ved at fuglane grov reirganger i skråningane. Det er viktig å forhindre at sandsvalekoloniene blir øydelagd av anleggsaktivitet i hekkesesongen.

Etter DMF si vurdering vil slikt uttak av massar som det er søkt om kunne kome i konflikt med forvaltningsmålet for naturtypar og økosystem som er fastsett i naturmangfaldlova § 4 eller forvaltningsmålet for artar i naturmangfaldlova § 5. Dette håndteres ved at det tas inn vilkår for å ivareta hensynet til sandsvaler i vedtakets punkt 2.4.

Etter naturmangfaldlova § 10 skal den samla belastinga på økosystem og naturmangfaldet i regionen vurderast. DMF kan ikkje sjå at det fremkommer merknader om at uttaket vil medføre en økt belastning ut ifrå det som fremkommer i søknaden. Vi legger derfor til grunn at det ikkje er nødvendig å foreta ytterligere vurderingar etter lovens § 10.

DMF har kome til at det ikkje finst avgjerande moment som talar mot å innvilge konsesjon.

#### **5.8. Tilhøvet til omgjevnadene og dei nærliggjande områda under drift**

Mineralressursane skal forvaltast og brukast på ein måte som tek omsyn til omgjevnadene og dei nærliggjande områda under drift. Det er difor viktig at drivaren gjennomfører nødvendige sikringstiltak for å unngå skadar på eigedom, menneske og dyr.

Tiltakshavar opplyser at gjerde vil etablerast fortløpande i områder med drift. Delar av denne strekinga har alt gjerde oppsett. Gjerde går frå elva, nord for området og aust for området på toppen av naturleg skrent. Gjerde blir så svinga mot eksisterande bom. I vest er elva ein naturleg avgrensing. Sikringstiltaka er vist i driftsplankarta. Skråningar vil elles ha ein vinkel på 1:2 for lausmassar. Fjellet i skrent i aust er av god kvalitet og utgjer ikkje noko overhengande fare for personar i masseuttaket som medfører ekstra sikring utover vanleg. Lausmassar i skrent som kan utgjere fare er og vil framover bli fjerna i lag med uttak av massar.

Elva Jølstra renn mot uttaksområdet i nordaust, før den svingar mot nordvest og rundt uttaksområdet. NVE skriv i sine høyringsfråsegner at det ved ein stor flaumsituasjon kan vere fare for at elva endrar laup ved å ta vegen rett fram og gjennom uttaksområdet. Uttak av masse bør avgrensast i djupna og tilstrekkeleg langt frå elva og sikrast forsvarleg, slik at ikkje uttaket medfører fare for at elva kan endra laup. Vidare skriv NVE at det ikkje kan utelukkast at flaumvollen mot elva nordaust for uttaket blir overtoppa i ein flaumsituasjon. Overflateerosjon og strøymande vatn i grunnen som kan medføre grunnbrot og utgliding kan såleis representere ein fare for elveløpet.



På bakgrunn av det angitte kunnskapsgrunnlaget finner DMF det hensiktsmessig å stille vilkår om at tiltakshavar skal gjøre ei risikovurdering av faren for at uttaket kan føre til grunnbrot og utgliding og/eller overflateerosjon i samband med ein flaumsituasjon, slik som beskrevet i høyringsfråsegnene frå NVE, jf. vedtakets punkt 4. Risikovurderinga skal gjennomførast før drifta startar, og den må vere basert på geotekniske undersøkingar. Dersom risikovurderinga fordrar endringar i korleis drifta skal gjennomførast, slik som avgreining av uttaket, uttaksdjupne og/eller sikringstiltak, må revidert driftsplan godkjennast av DMF før drifta startar, jf. vedtaket punkt 2.1.

DMF har kome til at dette ikkje er avgjerande moment som talar mot å innvilge konsesjon.

#### **5.9. Kva tiltaket vil ha å seie for verdiskaping og næringsutvikling**

Førekosten det er søkt om driftskonsesjon for fell inn under råstoffgrupperinga sand, grus, pukk og leire (byggjeråstoff). Råstoffet blir brukt i produkt som det moderne samfunnet er heilt avhengig av og som blir brukte i bygg, vegar og anlegg.

Sand- og grusførekosten på Kvammen er i kommuneplanen 2013-2025 klassifisert som meget viktig. Tiltakshavar opplyser at uttaket gjeld lausmassar for byggeråstof, som består av sprengt stein frå tunell og noko breelavsetning av sand og grus, samt varierende mengder med stein/blokkstein. Produktet for området er i hovudsak sand og grus, men også heil stein/blokker som også kan knusast (inkludert tunellmassar). Sand blir solda. Tiltakshavar reknar med at samtlege massar kan nyttast for sal eller leggest ut som vekstmedium (avdekkingsmassar) ved avslutting.

#### **5.10. Langsiktig planlegging for etterbruk eller tilbakeføring av området**

Tiltakshavar opplyser at det er avslutta eit område på om lag 19 daa som i dag er brukt som innmark for landbruket. Permanente sikringstiltak er vist i driftsplankarta og skal utførast fortløpande etter kvart som drifta stig fram. Fjell i sør-aust vil bli renska for lausmassar. Andre skråningar skal ha maksimal skråningsvinkel 1:2. Jordskråning vil best egne seg for skog. Dei flate partia er tenkt nytta til innmark for jordbruk. Det må etablerast ein ny landbruksveg for området som vist i kartet. Område som blir ferdig skal tilbakeførast snarast mogleg. Slik området framstår i dag er avrenning ikkje eit problem, men dette må vurderast på nytt ved avslutning.

Etter DMF si vurdering er dei planane som finst for etterbruk eller tilbakeføring tilfredsstillande, og såleis ikkje noko avgjerande moment som talar mot å gje konsesjon.

#### **5.11 Økonomisk sikkerheit**

I søknaden om driftskonsesjon har Tiltakshavaren, i samsvar med forskrift til minerallova § 2-1, gjort framlegg til korleis sikkerheit kan stillast. DMF fastset dei endelege krava til sikkerheit.

Tiltakshaver vurderer at det ikkje er særleg behov for økonomisk sikkerheit.

##### **5.11.1. Pålegg om å stille økonomisk sikkerheit og vurdering av kor stor sikkerheita skal vere**

Etter DMF si vurdering er Tiltakshavaren sitt framlegg til kor stor sikkerheita skal vere ikkje tilfredsstillande. Etter forskrift til minerallova § 2-1 tredje ledd skal den



økonomiske sikkerheita vere tilstrekkeleg til å dekkje Tiltakshavaren si sikrings- og oppryddingsplikt.

Etter ei konkret vurdering av tiltaket finn DMF at Tiltakshavaren skal påleggjast å stille finansiell sikkerheit på NOK 300 000 for å sikre at nødvendige sikrings- og oppryddingstiltak blir gjennomførte etter minerallova §§ 49 og 50, jf. minerallova § 51. I vurderinga av kor stor sikkerheit som skal krevjast har DMF lagt vekt på sine egne erfaringstal for tilsvarende uttak, med tillegg for eksterne og uventa kostnader.

#### **5.11.2. Form for sikkerheit**

Det skal stillast sikkerheit i ei slik form at den ikkje vil gå inn i konkursbuet i tilfelle konkurs hos Tiltakshavaren, jf. forskrift til minerallova § 2-1 tredje ledd.

Etter DMF si vurdering vil det vere føremålstenleg at den økonomiske sikkerheita blir stilt ved bankgaranti og individuell fondsavsetjing til ein bankkonto som det etter ein eigen avtale om finansiell sikkerheit skal etablerast pant i til fordel for DMF, jf. pantelova §§ 4-4 til 4-6. Tiltakshavaren skal ikkje ha råderett over denne bankkontoen, som skal vere sperra til fordel for DMF.

#### *Bankgaranti – oppstartsfase*

DMF vurderer det som naudsynt at Tiltakshavaren, før drifta startar opp att, stiller ein bankgaranti som DMF vurderer som tilfredsstillande som påkravsgaranti for eit beløp på NOK 150 000. Dette er naudsynt for å ha tilstrekkeleg sikkerheit i oppstartfasen før fondet har nådd maksimal avsetjing. Storleiken på bankgarantien er fastsett på grunnlag av ei vurdering av kva som blir rekna for å vere tilstrekkeleg sikkerheit i denne fasen.

DMF kan fremje krav i høve til bankgarantien i desse tilfella:

- (i) Etter utløpet av Tiltakshavaren sin frist for å utføre naudsynte sikrings- og oppryddingstiltak som DMF godtek;
- (ii) Ved konkurs, opphøyr eller anna avvikling av Tiltakshavaren si verksemd; og
- (iii) Dersom konsesjonen blir trekt attende.

Ved melding til garantisten om at eitt av tilfella nemnde i punkt (i)–(iii) over har oppstått, skal DMF ha rett til å få utbetalt det kravet som blir gjort gjeldande etter bankgarantien, utan omsyn til motsegner frå Tiltakshavaren. Bankgarantien skal stå ved lag så lenge beløpet som står på bankkontoen ikkje har nådd NOK 150 000. Når beløpet på bankkontoen har nådd NOK 150 000, eller tidlegare etter skriftleg samtykkje frå DMF, fell plikta til bankgaranti bort.

#### *Individuell avsetjing, avsetjingsperiode og storleiken på avsetjinga*

Deretter skal Tiltakshavaren setje inn midlar på bankkontoen årleg fram til totalbeløpet på NOK 300 000 er nådd. Dei årlege innskota blir rekna ut etterskotsvis på grunnlag av masseuttaket året før. Det skal betalast inn NOK 1,50 årleg per tonn utteken masse.

Ved fastsetjinga av satsen per tonn utteken masse har DMF lagt til grunn at fondet skal byggjast opp over ein periode på 20 år, det vil seie NOK 15 000 per år. I søknaden er



det rekna med eit uttak på 5 000 m<sup>3</sup>/år, tilsvarande om lag 10 000 tonn/år, noko som gjev ei årleg avsetjing på NOK 1,50 per tonn.

Innbetalinga for masseuttaket må vere avsett innan 1. februar året etter.

### **5.11.3. Rapportering og dokumentasjon**

Beløpet som står på kontoen skal dokumenterast årleg ved å gje DMF tilgjenge til ei oppdatert kontoutskrift. All avkasting på midlane skal godskrivast kontoen.

I tillegg finn DMF det naudsynt at Tiltakshavaren undervegs i drifta vurderer om den sikkerheita som er stilt er tilstrekkeleg til å dekkje kostnadene til sikrings- og oppryddingstiltak og gjev DMF tilbakemeldingar om dette. Dersom den fastsette driftsperioden for uttaket blir endra eller det skjer andre vesentlege endringar i driftsplanen, skal DMF informerast umiddelbart. Elles skal tiltakshavaren kvart femte år gjere ei ny vurdering av om sikkerheita er tilstrekkeleg. Når vurderinga er gjord, skal tiltakshavaren utarbeide ein rapport og sende den til DMF utan grunnlaust opphald.

DMF kan òg ha behov for meir rapportering og dokumentering enn det som er skildra over, og finn det difor naudsynt å påleggje Tiltakshavaren plikter i så måte i konsesjonsvilkåra.

### **5.11.4. Justering av sikkerheita**

Etter forskrift til minerallova § 2-2 første ledd andre punktum kan DMF gjere vedtak om endring av storleiken på avsetjinga, inkludert dei årlege innbetalingane frå Tiltakshavaren, og tidspunktet for innbetaling. Slike endringar kan òg gjerast når som helst ved endringar i minerallova og andre relevante lover, forskrifter og vedtak.

## **6. Kor lenge driftskonsesjonen gjeld**

Driftskonsesjonen kan reviderast etter 10 år.

Driftskonsesjonen fell bort dersom drift ikkje er starta opp seinast fem år etter at konsesjonen er gitt. Det same gjeld dersom drifta blir innstilt i meir enn eitt år. Det kan søkjast til DMF om å forlengje desse fristane. Driftskonsesjonen fell òg bort dersom:

- utvinningsretten for statens mineral blir sletta
- avtalen om rett til å utnytte førekomst av grunneigars mineral går ut
- skjønn ikkje er kravd innan eitt år etter at ekspropriasjonsløyve er gitt etter minerallova § 37 andre ledd bokstav a

Driftskonsesjonen kan ikkje overdragast. Det gjeld òg ved overdraging av utvinningsretten.

## **7. Plikter for tiltakshavaren**

Tiltakshavaren har rettar og plikter som følgjer av minerallova med forskrifter.

### **Meldeplikt ved oppstart og stans av drift**

Seinast éi veke før oppstart av drifta skal tiltakshavaren sende melding til DMF. Tiltakshavaren skal òg sende melding til DMF før drifta mellombels blir stansa eller lagd ned i medhald av minerallova § 44.

### **Drifta skal utførast med varsemd**



Drifta skal utførast med varsemd, slik at skadane ikkje blir større enn nødvendig. Etter minerallova § 48 skal arbeida heller ikkje føre til unødig forureining eller skade på miljøet.

#### **Forsvarleg sikring og opprydding**

Området skal sikrast slik at arbeidet ikkje medfører fare for menneske, husdyr eller tamrein. Etter minerallova § 49 omfattar sikringsplikta òg gruveopningar, tippar og utlagde massar på område som er knytte til konsesjonsområdet.

Etter minerallova § 50 skal området vere forsvarleg rydda mens arbeida går for seg. Etter minerallova §§ 49 og 50 skal området vere forsvarleg rydda og varig sikra etter at arbeida er avslutta. DMF kan fastsetje ein frist for når oppryddinga skal vere avslutta.

#### **Ansvarlet til bergteknisk ansvarleg**

Bergteknisk ansvarleg har eit særskilt ansvar for å sjå til

- at drifta er teknisk forsvarleg og tek omsyn til arbeidstakarar, nærliggjande bygningar og omgivnadene elles
- at førekomsten blir avbygd på ein berekraftig måte
- at drifta til kvar tid er i samsvar med ein ajourført og godkjend driftsplan

#### **Rapportering**

Tiltakshavaren skal sende årleg driftsrapport til DMF via «Min side» på dirmin.no.

Når uttak av grunneigars mineral blir lagt ned, kan DMF stille krav om å sende inn sluttrapport, måledata og prøvemateriale. Dette gjeld dersom uttaket har mineraliseringar av vesentleg geologisk interesse.

### **8. Rett til å klage**

Partane i saka og andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket i samsvar med reglane i forvaltingslova kapittel VI.

Fristen for å klage er tre veker etter at de har fått dette brevet. Klagen skal sendast til DMF for ny vurdering. Dersom DMF ikkje finn grunn til å gjere om vedtaket, sender vi klagen til Nærings- og fiskeridepartementet, som gjer endeleg vedtak i saka. I klagen må de gjere greie for kva de klagar på, og kvifor, og de må foreslå endringar.

Venleg helsing

Unni Garberg  
seksjonssjef

Lena Røst Tonning  
rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikke håndskrevne signaturer.*  
Saksbehandler: Lena Røst Tonning

Vedlegg:  
Vedlegg 1\_godkjent konsesjonsområde



Vedlegg 2\_godkjent driftsplan  
Vedlegg 3\_avtale om finansiell sikkerhetsstillelse  
Vedlegg 4\_påkravsgaranti  
Vedlegg 5\_pantsettelseserklæring

Mottakere:

Roald Sunde (enkeltpersonforetak)	Grovavegen 93	6843 SKEI I JØLSTER
--------------------------------------	---------------	---------------------

Kopi til:

Statens vegvesen Region vest	Postboks 43	6861 LEIKANGER
Fylkesmannen i Vestland	Njøsavegen 2	6863 LEIKANGER
Norges vassdrags- og energidirektorat Region vest	Naustdalsvegen 1B	6800 FØRDE
BKK Nett AS	Postboks 7050	5020 BERGEN
Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020 BERGEN
Mattilsynet	Postboks 383	2381 BRUMUNDDAL
Jølster Rekneskapslag SA	Skei	6843 SKEI I JØLSTER
Statnett SF	Postboks 4904 Nydalen	0423 OSLO
Geir Ståle Støfring	Jølstravegen 472	6847 VASSENDEN
Kjell Kvammen	Jølstravegen 493	6847 VASSENDEN
Oddvar Kvammen	Jølstravegen 491	6847 VASSENDEN
Jannicke Kjeilen	Jølstravegen 483	6847 VASSENDEN
Sunnfjord kommune	Postboks 338	6802 FØRDE
HILDE-BJØRG Kvammen	JØLSTRAVEGEN 491	6847 VASSENDEN
ROBERT TOMASZ ADAMCZYK	GAMLEVEGEN 62	6847 VASSENDEN
EWA BOZENA ADAMCZYK	GAMLEVEGEN 62	6847 VASSENDEN
FRANK ÅGE LYKKEBØ	GAMLEVEGEN 60	6847 VASSENDEN
Øystein Anseth	LANGHOGANE 18	6847 VASSENDEN
MAGNE HERBJØRN STØFRING	EIKÅSVEGEN 264	6847 VASSENDEN
Åge Støfring	JØLSTRAVEGEN 760	6847 VASSENDEN
Anny Paulen	DALEVEGEN 85	6847 VASSENDEN
ELSA FLUGEKVAM REME	PRESTEGARDEN	6793 INNVIK
ARNSTEIN ÅGE FLUGE	JØLSTRAVEGEN 538	6847 VASSENDEN
Egon Hermansen	GAMLEVEGEN 58	6847 VASSENDEN
Janne Helgås	GAMLEVEGEN 56	6847 VASSENDEN